



Berit Marie Storheim

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/2055 - 18/3962

Saksbehandlar:

Alexander Kjesæth

alexander.kjesaeth@radoy.kommune.no

Dato:

13.03.2018

Svar på spørsmål frå fau om Visma

- Kan føresette få epost eller sms når noko er lagt ut på Visma ?
 - Skulen tenkjer at dette kan vere vanskjeleg å få til då det kontinuerlig blir lagt ut på Visma, og til ulik tid frå kvar enkelt lærar. Skulen oppmodar føresette til å gå inn kvar veke og følgje med.
- Kan ein opne Visma på mobil ?
 - På lik linje med nettbank, altinn og andre nettbaserte sider kan ein fint logge seg inn ved hjelp av nettadressa. Dette føreset tilkobla WiFi eller god 4G dekning.
- Kor lenge ligg det informasjon om elevane på Visma ?
 - Ein kan finne informasjon om karakterar og vurdering for elevane i alle dei tre åra dei går på ungdomsskulen. På den måten kan ein følgje utviklinga til eleven over tid på ungdomsskulen. Ein må berre velje skuleår. Leiinga kan finne informasjon om det meste så lenge Visma har vore i bruk i Radøy (oppstart 2014/2015)
- Gjer skulen føresette opplæring i bruk av Visma ? Når skjer det i så fall ?
 - Skulen gjev ikkje opplæring i bruk av Visma. Det ligg informasjon om pålogging og innhald på heimesida til skulen (sjå vedlegg). Det blir og gjennomgått litt om dette på felles foreldremøte for dei nye 8. klassane.
- Ynskjer skulen at kommunikasjon med lærarane skal føregå på Visma ?
 - I utgangspunktet tenkjer skulen at kommunikasjon mellom heim og skule går føre seg på epost og evt mobil.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

- Kan ein finne terminkarakterar for fleire år vha Visma ?
 - Ein kan finne informasjon om terminkarakterar for alle åra ein har gått på ungdomsskulen (sjå tidlegare punkt)
- Er Visma eit prøveprosjekt for Radøy kommune ? Skal det evaluerast av føresette og skulen sine tilsette ?
 - Visma er ikkje eit prøveprosjekt for Radøy kommune. Dei andre kommunane i regionen nyttar same system. Det skal så vidt eg veit ikkje evaluerast av føresette eller skulen.

Alle lærarane nyttar Visma . Det blir arbeidd kontinuerlig med at det skal vera oppdatert med fråver, merknader og vurderingar. I vurderingsfeltet skal ein og skrive dato for når vurderinga fann stad. Opp mot terminkarakterane skal det stå litt meir utfyllande om kvar elev med ei framovermelding som skal hjelpe eleven å oppnå endå høgare kompetanse (betre karakteren sin).

Oppskrifta for bruk av Visma finn ein til ei kvar tid på heimesida til skulen. Skulen tenkjer det då ikkje vil vere naudsynt med å sende den ut når den allereie ligg ute.

Når det gjeld spørsmålet om kva som må til før elevar får varsel om nedsett karakter i orden eller åtferd, viser eg til forskrift ti lopplæringslova §3-5 og §3-7

§ 3-5.Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skolen.

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr.

Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.

Vurderinga av orden og åtferd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.

I vurderinga i orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. Fråvær kan føre til nedsett karakter i anten orden eller i åtferd.

0 Endra ved [forskrift 1 juli 2009 nr. 964](#) (i kraft 1 aug 2009).

§ 3-7. Varsling

Eleven og foreldra skal varslast skriftleg dersom det er tvil om eleven kan få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag.

Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd.

Varselet skal givast utan ugrunna opphald. Varselet skal gi eleven høve til å skaffe grunnlag for halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter, eller gi eleven høve til å forbetre karakteren i orden eller åtferd.

Etter at eleven har fylt 18 år, skal foreldra ikkje varslast.

0 Endra ved [forskrifter 1 juli 2009 nr. 964](#) (i kraft 1 aug 2009), [18 juni 2015 nr. 760](#) (i kraft 1 aug 2015).

Som ein ser av lovteksten står det her ingen tal på merknader. Det skal og takast omsyn til eleven sine føresetnader. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. Det er av denne grunn ikkje fastsatt eit bestemt tal merknader før eit slikt varsel blir sendt heim. Skulen har jamnlege møter om elevane. Vi har eit førebauande karaktermøte i orden og åtferd på kvart trinn før det endelege og formelle møtet, der alle tilsette er tilstades. Det er i dette møtet ein fastset karakteren i orden og åtferd for kvar termin. Varselet skal gje eleven høve til å forbetre karakteren.

Skulen takkar for innspela/spørsmåla.

Med helsing

Alexander Kjesæth
Rektor Radøy ungdomskule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Berit Marie Storheim